



Sogndal Fotball
Postboks 164
6851 Sogndal

Telefon: 57 62 90 00
Telefaks: 57 62 90 01

www.sogndalfotball.no

Retningslinjer ved skader

Fotballforsikring

Alle spelarar i Sogndal Fotball er forsikra gjennom NFF si forsikringsordning. Spelarar som er fylte 12 år og oppover skal vere registrerte i FIKS. Alle spelarar må vere registrerte i klubbens medlemsregister, samt at treningsavgift må vere betalt. Alle spelarar frå 0-12 år er dekkja av Barnefotballforsikringa.

Skulle det oppstå ein skade i samband med fotballtrening eller kamp er det viktig at foreldre/føresette (eller myndig spelarar) registrerer skaden på elektronisk skademeldingsskjema som ligg på nettsida; www.fotballforsikring.no. Her finn ein og meir informasjon om forsikringsordninga. Det er viktig at trenarar/lagleiarar er med på å opplyse om dette til foreldregruppa (spelargruppa).

Gjennom fotballforsikringa kan alle fotballspelarar ringe **Idrettens Skadetelefon (02033)** for blant anna å få eit kvalitetssikra og godt behandlingstilbod i nærmiljøet som dekkast av fotballforsikringa. Idrettens skadetelefon er open alle dagar mellom 09:00-21:00. Her vil ein også kunne få ei rask henvisning til MR om det er behov for det (mot ein eigenandel)

- **For at ein skal ha krav på erstatning, må all behandling bestillast via Idrettens Skadetelefon.**
- **Ved akutte skader som medfører risiko for liv og helse, ta direkte kontakt med legevakta. (57671500)**

Det er også mogleg å teikne individuell utvida forsikring. Noko som vil sikre endå raskare behandling av idrettsskader. Dette gjer ein her: <https://partner.agsforsikring.no/nff-bestill/> På www.fotballforsikring.no kan ein lese meir om ytingar.

Klubbtillbod om konsultasjon hjå Yngve Myhre, medisinsk leiar a-lag

Yngve Myhre jobbar på Campus Helse to ettermiddagar kvar veke. Hovudsakleg måndag og torsdag frå klokka 1245. Tidspunktet vil variere i forhold til aktiviteten til Sogndal sitt A-lag. Om ein ikkje har tid på å vente på time hjå fastlege har alle spelarar moglegheit til å nytte seg av dette tilbodet.

Bestilling av timer gjerast ved at hovudtrenar for laget tek kontakt med Yngve.

Minstepris for konsultasjon er kr 300 (30min, inkl. evt. forbruksmatriell). Dette fakturerast spelar.

Yngve Myhre, mail: yngve.myhre@sogndalfotball.no , tlf: 99727914

Ved skade bør ein kontakte Idrettens Skadetelefon: 02033